

Fra: Bjørn Inge Midtgård (Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no)
Sendt: 05.08.2015 10:39:28
Til: 'oostvik@online.no'
Kopi: Thorbjørn Aarethun

Emne: Fjellbergsambandet og ferjeavløysingsmidlar
Vedlegg: Brev - Kvinnherad - ferjeavløysingsmidlar.pdf;image002.png

Hei!

Jfr. mail frå deg til Samferdselsavdelinga frå 12. juli 2015 der det vert referert til mail frå 15.12.2013. Me kan ikkje finna ev. svar på denne mailen.

I Regional transportplan 2013- 2024 er Fjellbergsambandet omtala slik:

«Det er utarbeidd ein kommunedelplan for å knyte saman Fjelbergøy og Borgundøy med ei bruløysing. Den tilrådde traseen har ein svart høg kostnad (137 mill. 2007-kr.) På grunn av arkeologiske funn i traseen må ei motsegn frå riksantikvaren opphevast før endeleg vedtak. Tiltaket sitt omfang og realisme med omsyn til gjennomføring må sjåast i samanheng med tilgjengelege midlar. Det vert ikkje sett som realistisk å prioritere tiltaket i perioden 2018–2024. Tiltaket ligg på det øvrige fylkesvegnettet.

Fylkestinget vedtok 10.3.2015 å starta opp arbeidet med ein ny regional transportplan for Hordaland (RTP) for perioden 2018-2029.

Vedlagt følgjer eit notat om ferjeavløysingsmidlar som vart sendt Kvinnherad kommune 25.11.2014. Seinare har Stortinget, som du nemner, vedteke ei ferjeavløysingsordning for fylkesvegar.

I vedtak 692- 16.06.2015 ber Stortinget regjeringa leggje til grunn inntil 40 år med ferjeavløysing på fylkesvegferjene. Me vil no, og også i samband med RTP arbeidet, sjå på kva finansielt

bidrag denne nye ordninga vil kunna gje for ulike ferjeavløysingsprosjekt i fylket.

Med helsing

Bjørn Inge Midtgård
Seniorrådgjevar
Samferdselsavdelinga| transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

www.hordaland.no